



Medlem Ål kyrkjelege fellesråd

INNKALLING

TIL FELLESRÅDSMØTE

Stad: Ål kyrkje (mrk!)

Tid: Onsdag 25. november kl. 17.00 – 19.00

Orienteringssaker:

Postliste

HC-inngang Torpo kyrkje

Økonomirapport pr. 25. november

Innmelding av Fellesrådet i Brønnøysundregistret

Informasjon frå vernerunde i veke 45

Lønnsoppgjeret 2020

Sakliste:

- Sak 33/20 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 34/20 Godkjenning av møtebok frå 21. oktober
- Sak 35/20 Møteplan for 1. halvår 2021
- Sak 36/20 Høyring om reglar for kyrkjeval
- Sak 37/20 Tilsetjing av kyrkjetenar i 40% stilling
Utsending av utvida søkjarliste / søknader går til faste medlemmar i fellesrådet
Grunngjeven innstilling frå PSU blir lagt fram i møtet
- Sak 38/20 Lønnsjuttering for kyrkjevevja
Saka blir førebudd av fellesrådet v/ forhandlingsutvalet
- Sak 39/20 Eventuelt

Torfinn Slåtto (sign)
-Leiar-

Medlem	Varamedlem / Tilskrivar
Sveinung Hansen	Vigdis Moen Storhaug
Einar Brattegård	Liv Margit Sørbøen
Arild Øystese Hansen	Anne Kjersti Frøyen
Else Karin Veslegard	Liv Solberg
Torfinn Slåtto	Jorun Tekle Gurigard
Birger Bolstad	Laila-Merete Knaldre
Wenche Smestad	Vigdis Vedvik Gåsterud
Solveig Vestenfor	Ole Egil Trinrud
	Ordførar
	Rådmann
	Tilsette

Kjellfred Dekko
Kjellfred Dekko
-kyrkjevevje-

Vedlegg:

Saksutgreiing frå utval i soknerådet.

Vedtak frå soknerådet

De finn alt som er ute på høyring her:

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/horinger-i-kirkeradets-regi/>

Det er sak om «høring – kirkevalg – overordnede problemstillinger» som sokneråd og fellelråd vil gje uttale på. (Ta også ein sjekk på andre aktuelle høyringar.)

Saksutgreiing:

Det er ynskjeleg at Ål kyrkjelege fellelråd gjev uttale om kyrkjeval. Saka har vore oppe i soknerådet. Referat og vedtak ligg ved.

Framlegg til vedtak jfr tilrådinga frå utval

Torfinn Slåtto, Anne Kjersti Frøyen, Einar Brattegard:

Modell for val av lister ved val av bispedømmeråd (kapittel 2)

Rår til modell A: Modell med Nominasjonskomiteen si liste og andre lister.

Utan Nominasjonskomiteen si liste vil vi kanskje stå att med lister berre frå ytterkantane og lista med det breiaste alternativet blir borte.

Lister til val av sokeråd (kapittel 3)

Rår til alternativ 2: Vidareføre dagens ordning, men med utvida rett til suplerande nominasjon.

Med utvida rett til suplerande nominasjon får fleire høve til å påverke utforminga av lista slik at ho femner så vidt som mogeleg. Dette er vel ei demokratisk utviding.

Kommunikasjon om lister og kandidatar ved val av bispedømmeråd (kapittel 4)

Rår til alternativ 2: Valrådet utarbeider informasjon om alle lister.

Denne modellen sikrar vel mest mogeleg likebehandling av alle listene.

Tid og stad for val (kapittel 5)

Støttar Kyrkjerådet si tilråding om eit prinsippvedtak om at kyrkjevalet skal haldast samtidig med offentlege val og i lokal nær det offentlege valet.

Dette blir ein del av kyrkjevalreglane og er ei vidareføring av dagens ordning.

Personvalreglar (kapittel 6)

Støttar framlegget med å vidareføre ordninga med sperregrensa på Nominasjonskomiteen sine lister og høve til stemmetillegg på andre lister.

Viktig at Nominasjonskomiteen sine lister ikkje har stemmetillegg. Dette for å ivareta veljarane sin valfridom.

Førehandsstemming (kapittel 7)

Støttar alternativ 3.

Veldig positivt at det i reglane blir tatt inn at det skal vera førehandsstemming i kyrkja etter gudstenesta minst ein gong i perioden for førehandsstemming.



Medlem

Ål kyrkjelege fellesråd

MØTEBOK

FRÅ FELLESRÅDSMØTE

Stad: **Ål kyrkje**

Tid: Onsdag 25. november kl. 17.00 – 19.00

Til stades: Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard,
Arild Hansen, Einar Brattegard, Birger Bolstad,
Wenche Smestad, Sveinung Hansen

Ole Egil Trinrud møtte for Solveig Vestenfor

Orienteringssaker:

Postliste

HC-inngang Torpo kyrkje

Økonomirapport pr. 25. november

Innmelding av Fellesrådet i Brønnøysundregistret

Informasjon frå vernerunde i veke 45

Lønnsoppgjeret 2020

NAV- og integreringsmidlar til Kafè Tid

Digitale gudstenester i jula

Sakliste:

Sak 33/20 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 34/20 Godkjenning av møtebok frå 21. oktober
Vedtak: Møtebok frå 21. oktober vart godkjent.

Sak 35/20 Møteplan for 1. halvår 2021
Samrøystes vedtak:
Onsdag 13. januar Sokneråd 17.00 Fellesråd 19.30
Onsdag 24. februar Fellesråd 17.00
Onsdag 19. mai Sokneråd 17.00 Fellesråd 19.30
Onsdag 16. juni Sokneråd 17.00 Fellesråd 19.30

Sak 36/20 Høyring om reglar for kyrkjeval
Vedtak: Som framlegget, samrøystes

Sak 37/20 Tilsetjing av kyrkjetenar i 40% stilling
Vedtak:
1. Tom Vidar Myrestølen
2. Morten Wikstrand

Medlem	Varamedlem / Tilskrivar
Sveinung Hansen	Vigdis Moen Storhaug
Einar Brattegard	Liv Margit Sørboen
Arild Øystese Hansen	Anne Kjersti Frøyen
Else Karin Veslegard	Liv Solberg
Torfinn Slåtto	Jorun Teksle Gurigard
Birger Bolstad	Laila-Merete Knaldre
Wenche Smestad	Vigdis Vedvik Gåsterud
Solveig Vestenfor	Ole Egil Trinrud
	Ordførar
	Rådmann
	Tilsette